

SØKNAD OM ELEVKVELD

Skulen leiger ut gymsalen gratis til elevkveldar. Skulen vil at desse kveldane skal vera **inkluderande og fremja gode relasjonar** mellom elevane. Føresette har ansvar.

Krav til elevkveldar:

- + **Det skal vera gratis å koma inn.** (jmfr. gratisprinsippet) Skal de ta pengar for noko må det vera friviljug å kjøpa.
- + Ein ansvarleg vaksen må skriva under leigeavtale og vera brannleiar. Denne må vera myndig.
- + Ansvarleg leigetakar er brannleiarog pliktar å setja seg inn i branninstruks, og informera andre ansvarspersonar om denne. Er ikkje ansvarleg leigetakar tilstade under heile arrangementet har denne personen ansvar for å utnemna ny brannleiar. Branninstruks finn du vedlagt.
- + Ordensreglementet til skulen gjeld. Dei vaksne har ansvar for handheving av dette.
- + Ved alvorlege brot på ordensreglementet skal vaktene kontakta føresette og elev bli henta.
- + Arrangørane har eit spesielt ansvar for at alle kjenner seg inkludert på elevkvelden.
- + Det skal vera minst 4 vaksne vakter til ei kvar tid. *Minst den eine av desse vaksne bør berre ha som oppgåve å vandra rundt og sikra at alle elevar har det bra, og kjenner seg inkludert.*
- + Elevkvelden skal avsluttast seinast klokka 23.00.
- + Ansvarleg leigetakar skal sjølv henta nøkkel hos sekretær på Vikedal skule, og kvittera for at denne er lånt. Nøkkelen skal leverast same stad seinast neste virkedag etter opphøyr av leigeavtale.
- + Nøkkel kan ikkje sendast til/frå skulen med elevar i ranselpost, og/eller lånast av tilsette og andre som har nøkkel til Vikedal skule, om det ikkje er gjort særskilt avtale om dette. Ein slik avtale skal bli gjort med administrasjonen.
- + Rom som blir leigde/brukte skal sjå ut slik dei gjorde som ved oppstart av leige. Det skal ryddast og vaskast etter bruk. Vaskeutstyr til gymsalen står på handicap-toalett ved gymsal. Moppar i klasserom.
- + Berre rom det er gjort avtale om å leiga kan nyttast.
- + Alle skal ta av utesko når ein går inn i klasserom/gymsal.
- + Skulen låner ikkje ut lydutstyr.
- + Anna utstyr som er lånt skal leggjast på plass.
- + Alle lys skal slokkast før bygget blir forlete.
- + Alle dører som er låste opp skal låsast.
- + Skade på utstyr og inventar skal rapporterast til administrasjonen så snart som mogleg. Ansvarleg leigetakar kan rekna med å måtte erstatta øydelagt utstyr - tilsvarande kostnaden av nytt utstyr.
- + Det kan også koma eit krav om erstatning for manglande rydding og reinhald.
Timepris 500 kr x tal timar skulen må bruka til rydding/reinhald i etterkant.

SØKNAD GODKJENT

SØKNAD IKKJE GODKJENT



SØKNAD OM ELEVVELD

OPPLYSNINGAR FRÅ SØKJAR:

1. Kven søkjer om å arrangera elevkveld (klassetrinn)?
2. Dag, dato og klokkeslett for elevkvelden:
3. Kven er ansvarleg vaksen? (Den som står som leigetakar og er brannleiar.)
Namn på den vaksne:
4. Namn på dei andre vaksne som skal vera vakter:
5. Kvifor vil de laga til ein elevkveld?
6. Kven blir invitert til elevkvelden?
7. Korleis vil de invitera?
8. Kva aktivitetar vil de tilby på elevkvelden?
9. Korleis skal desse aktivitetane organiserast?
10. Er det noko som kjem til å kosta noko på elevkvelden?
Kva kostar noko?
Kva kostar det?
11. Andre opplysningar?

UNDERSKRIFT AV SØKJAR: _____ DATO: _____

SØKNAD GODKJENT

SØKNAD IKKJE GODKJENT

SØKNAD OM ELEVKVELD



§ 5: AKTUELLE ORDENSREGLAR GJELDANDE FOR ELEVKVELD

§5.1: ÅTFERD

Alle skal visa omsyn og respekt for andre, slik at ein ikkje skadar, sårar eller er til plage for medelevar eller vaksne på skulen.

Du har mellom anna rett til:

- Å bli behandla med respekt.
- Å ferdast fritt utan å bli plaga av andre.

Du har mellom anna plikt til:

- Å visa respekt og forståing for alle på skulen.
- Å vera på skuleområdet i skuletida, på dei område du har fått informasjon om som lovlege tilhaldsområde.
- Gjennomføra aktivitetar der dei skal gjennomførast, ute og inne.
- Ikkje nytta tobakk eller andre rusmiddel.

§5.3: EIGEDOM

Alle har rett til å ha tinga sine i fred. Skade på eigedom kan måtta reparerast eller erstattast.

Du har mellom anna rett til:

- At sykkel, klede, skuleveske og andre eigedelar får vera i fred.

Du har mellom anna plikt til:

- Kjenna ansvar for skulen sin eigedom og erstatta det som du øydelegg eller rotar bort.
- Bidra til å halda det ryddig og fint utanfor og inne på skulen.
- Ytterplagg skal vera i garderoben.
- Parkera sykkel i sykkelstativa.

SØKNAD GODKJENT

SØKNAD IKKJE GODKJENT

BRANNINSTRUKS FOR BRANNLEIAR

1. **Før** oppstart av arrangement – orienter deg om plassering av:
 - Rømningsvegar
 - Sløkkjeustyr
 - Oppmøtestad ved evakuering

2. Ved brannalarm:
 - Sjå til at alle blir varsla.
 - Lukke alle dører og vindauge.
 - Gå raskt ut av bygningen.
 - Møt opp på møteplass som er ved ballbingen retning byggjefelt. (barnetrinnet sitt uteområde.)
 - Sjekk at alle personar er ute – tell tal personar.
 - Ved mistanke om falsk alarm, ring Haugesund brannvesen telefon 52744700 snarast råd.

3. **Når** det brenn:
 - A. VARSLE:
 - ✓ Trykk inn knapp i den manuelle brannmeldaren.
 - ✓ Meld frå til personar som er i umiddelbar fare.
 - ✓ Meldt frå til brannvesen – 110
 - ✓ Oppgi korrekt adresse: Vikedal skule, Kyrkjevegen 7, 5583 Vikedal.

 - B. REDDE:
 - ✓ Sørg for at alle personar kjem ut til avtalt stad.
 - ✓ Evt. hjelp brannvesen med evakuering.

 - C. SLØKKJE:
 - ✓ Prøv å sløkkja med husbrannslange eller handsløkkjeapparat, eller å kvela brannen med eit teppe eller liknande.

SØKNAD GODKJENT

SØKNAD IKKJE GODKJENT